

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested: Norsk Tindesenter
Dato: 03.12.2021
Tidspunkt: 10.00-16.00

Eventuelt forfall må meldes snarest til 91100829. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Det er lagt opp til 6 timers møte på Tindesenteret på Åndalsnes. Det blir servert varm lunsj.

Orienteringer ST 64/20

- Eventuelt.
- SNO presenterer årsrapport.
- Daglig leder ved Tindesenteret Ivar Brennhovd, orienterer om status i arbeidet med å bli sertifisert som nasjonalparksenter.
- Kort informasjon fra forvalterne.

Vel møtt!

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 54/2021	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 55/2021	Referatsaker Finndalen LVO - Dispensasjon - 2021 - Tilbygg til nyttseterhus på Gubhage seter - Gbnr 159/1/50 - Hans Gubhage		2019/10385
ST 56/2021	Delegerte saker		
DS 78/2021	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport til hytte ved Søre Storteppeinga - Norvald Marstein		2021/10434
DS 79/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - 2021 - destruering av kampestein som siktforbedringstiltak - Skiri - Bane NOR		2021/9578
DS 80/2021	Delegert sak - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - helikopterflyging - lagring av drivstoff - 2021 -2025 - NVE		2021/9966
DS 81/2021	Delegert vedtak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2021 - drone - leting etter sau - Lom samarbeitlag		2021/9600
DS 82/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - båndtvangbestemmelsene - 2022 - 2025 - taksering av lirype - Lesja heimrast		2021/10708
DS 83/2021	Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Motorferdsel - 2021 - helikopter til Torsbu - DNT Oslo og Omegn		2021/11517
DS 84/2021	Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Finndalen LVO - 2021 - drone leting etter sau - Skårvangen beitelag		2021/9611
ST 57/2021	Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - bru - reparering av flomskadet sti - Kløvstien - Rauma kommune		2021/10689
ST 58/2021	Klage på vedtak - dispensasjon til oppsetting av vindmølle på Sterringen seter, gbnr 159/1/84, i Finndalen landskapsvernområde		2020/12486
ST 59/2021	Klage på vedtak - dispensasjon til inngjerding av seterhus og bygging av platting gnr/bnr 159/1/59 i Finndalen LVO		2021/9170
ST 60/2021	Finndalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2022 - oppsetting og tilsyn av jervebås i Lauvli under lisensjakta - Arild Fallingen		2021/11727
ST 61/2021	Trollstigen LVO - dispensasjon - plassering av posterings- og jaktbu på jerv i Steindalen- Valldal og Fjørå beitelag		2020/8174

ST 62/2021	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Behov for midler til tiltak, driftsmidler og SNO ressurs - 2022	2021/11909
ST 63/2021	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møteplan 1.halvår 2022	2021/893
ST 64/2021	Orienteringar	

ST 54/2021 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 55/2021 Referatsaker

Finndalen LVO - Dispensasjon - 2021 - Tilbygg til nytt seterhus på Gubhage seter - Gbnr 159/1/50 - Hans Gubhage

ST 56/2021 Delegerte saker

DS 78/2021 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport til hytte ved Søre Storteppinga - Norvald Marstein 2021/10434

DS 79/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - 2021 - destruering av kampestein som siktfordringstiltak - Skiri - Bane NOR 2021/9578

DS 80/2021 Delegert sak - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - helikopterflyging - lagring av drivstoff - 2021 -2025 - NVE 2021/9966

DS 81/2021 Delegert vedtak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2021 - drone - leting etter sau - Lom samarbeitlag 2021/9600

DS 82/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - båndtvangbestemmelsene - 2022 - 2025 - taksering av lirype - Lesja heimrast 2021/10708

DS 83/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Motorferdsel - 2021 - helikopter til Torsbu - DNT Oslo og Omegn 2021/11517

**DS 84/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Finndalen
LVO - 2021 - drone leting etter sau - Skårvangen beitelag 2021/9611**



Arkivsaksnummer: 2021/10689-4

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 23.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	57/2021	03.12.2021

Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - bru - reparering av flomskadet sti - Kløvstien - Rauma kommune

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 k), får Rauma kommune dispensasjon til å rive brua som er delvis tatt av flaum og til å sette opp ei ny bru like ovanfor. Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Rauma kommune løyve til naudsyn motorferdsel for å frakte bru og reparere den flomøydelagde stien nedanfor den nye brua (jmf kart i saksutgreiinga).

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Tiltaket skal gjennomføres i løpet av 2022.
- Bruk av motorisert ferdsel skal minimeres for å unngå terrengskade.
- Køyretrase går via traktorvegen frå parkeringsplass på Kløvstien til problemområdet skissert i søknaden. Gravemaskin fraktes på henger og kan benyttes i omsøkt område, på eksisterende sti (frå ny bru og ca 100 m nedanfor).
- Brua skal lages av lokal kjerneved og følgje skisser som lagt ved saksutgreiinga.
- Køyring skal ikkje skje på våt mark.
- Den gamle brua skal fraktast ned og kreosotstokkane må forsvarleg handterast på miljøstasjonen. Alt av materialar og utstyr skal ryddast ut av området når arbeidet er utført.
- Tilrettelegginga skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet.
- I forkant av tiltaket skal SNO ved Thomas Rødstøl (tlf: 915 47617) kontaktes for å kunne bli med og gje råd når arbeidet starter.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også må avklarast med grunneigar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Rauma kommune 15.11.2021

Flom og skredvurdering frå Skred AS. 17.11.2021.

Rapport, utbetring av Kløvstien av NySti AS 03.11.2021.

Dispensasjon til utbetring av Kløvstien i 2018 (sak 2018/3378).

Saksopplysningar


Det har sidan 2015 vorte gjort ei rekkje tiltak på turstiar i området rundt Trollstigen. Dette som eit samarbeid mellom nasjonalparkstyret, Nordveggen og Rauma kommune. Spesielt er Kløvstien rusta opp til å bli ein god tursti der besøkande får gode opplevingar. Siste ledd i opprusting av Kløvstien var i nedre del i Isterdalen. Nasjonalparkstyret for Reinheimen har bevilga 180 000 til tiltak på Kløvstien og stig til Stabbeskaret i 2018, jf. tiltaksplan og sak 4/18 vedteke 05.03.2018.

Nokre parti av stien som vart restaurert i 2018 ligg i eit flomutsett område. I haust vart delar av stien og fundamentet til den eine brua tatt. Etter flaumen var vi på fleire synfaringar med representantar frå dugnadsgjengen, DNT, SNO, kommunen, ein geolog frå Skred AS og NySti AS for å vurdere tiltak etter skadane som har skjedd. Vi har fått rapport både frå NySti As og Skred AS med råd om korleis en bør utbetre stien for å sikre seg mot flomskader.


Søknad

Rauma kommune søker om følgjande:

- Motorferdsel i utmark. Traktor med henger fra parkeringsplass Kløvstien til problemområdet skissert i søknaden. Gravemaskin fraktast på hengar og nyttes i omsøkt område.
- Etablering av bro som skisse.
- Demontering av dagens klopp, og frakt ned igjen.
- Reparasjon av utvaska sti på nedsida av eksisterande klopp.
- Etablering av ei kort klopp der det nye bekkeløpet møte stien, slik at vatnet ikkje renner langs stien men passerer under og forbi.
- Supplerande manuelt arbeid på dugnad.




Det røde merket illustrerer kor brua er.



Pila syner området som er omsøkt.

Bru i Isterdalen, nedre Krøvstien.



Skisse etter befaring 27/10-21.
Korrigert 17/11-21
Lengde: 6 m
Bredde brudekke: 75 cm
Høyde over elvegrunn anslått til 1,6-1,8 m
Festes til steinblokker med stålbjelker og bolter.
Stålbjelke med støttestag på høyre side. Se bilde 3-4.
Rekkverk på en side, høyde 90 cm.
Gangbanen vil skrå noe mot den laveste steinblokka, Til venstre i bildet.

Trappeløsninger:
På denne siden går det en skrå hylle på steinen.
Trappetrinn av tre festes individuelt med fjellbolter.
3-4 bolter per trinn. Se bilde 2.
Trappetrinnene vil være noe smalere enn brudekktet.
Det er lav høyde ned fra steinen, og det er vurdert som overflødig med rekkverk.

På motsatt ende av brua vil det bli vurdert å legge opp stein i stedet for tretrapp/trappetrinn.



Trappeløsning for bruende nord



Kyststien i Sveggen på Averøya.

Eksempel på bru som er laga av NySti.



Bru med kreosotstokkar som kan komme til å rase ut ved neste flom. Foto: Mari Melbø Rødstøl



Sti nedanfor brua der store deler av stien er øydelagt av vann. Stien manglar stikkrenner slik at ved store vannmasser tar vatnet stien som bekkedar. Foto: Mari Melbø Rødstøl

Utdrag frå NySti sin rapport om Kløvstien

Dette er et begrenset område på ca 100 meter. En bekk har med stor kraft gravd ut et elveleie og har nær tatt med seg brua.

Ved befaringen var bekken tørr, men den ser ut til å vokse betydelig under snøsmeltingen og kraftig nedbør. Den eksisterende brua var nær ved å bli tatt av

flommen. Brufundamenteringen lå inntil der dekkeplankene starter, men mye er nå vasket bort. Det er fare for at resten tas ved neste flom. Det er bestemt å fjerne denne brua og bygge ny litt ovenfor (se neste foto). Som en del av tilbakeføringen foreslås det å bruke gravemaskin til å jevne ut massene som er brukt til fundamenteringen. Stien nedenfor er også skadet av vannmasser og tiltak foreslås.

Elveleiet sett nedover mot stien. Det skal bygges ny bru, som skal ligge på de to steinblokkene som sees hver side. Stien legges om et kort stykke. Ny Sti har tidligere gitt tilbud på bygging av denne brua.

Ny stitrase opp til den nye brua legges opp til høyre i bildet, noen meter før «gamlebrua». Her må det ryddes noen trær og tilrettelegges noe med flytting av stein.

Oppbygd stitrase har gjort at flombekker har blitt hindret i sitt naturlige løp. Vann har blitt ledet langs grøfta som sees til høyre for stien. Dette har gitt utvasking av stien litt lenger nede.

Det foreslås å grave stikkrenne gjennom den oppbygde vollen for å etablere nytt naturlig løp for bekken som kommer ned fra høyre. Stikkrenne steinsettes for å hindre utgraving og ny klopp lages.

Stien nedenfor ca 35 meter, gjenskapes ved at massene jevnes ut med gravemaskin. Årsaken til ødeleggelsene er at vannet er blitt hindret det naturlige løpet og ledet langs stien og flommet over og tatt med seg masser. Ved etablering av stikkrenne og nytt løp for bekken lenger oppe kan stien og de oppbygde massene flates ut.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneforskrift og verneformål:

Føremålet med vern av Trollstigen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterhsu, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høg fjell med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§3 Vernereglar

1.1. Inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar,

bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seterlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2. Reglane i 1.1. er ikkje til hinder for:

e) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt som kan oppretthaldast i medhald i forvaltningsplanen.

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

k) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

Forvaltningsplanen for Reinheimen kap 6 . Trollstigen Ivo

6.4.2 Retningslinjer

Med direkte heimel i verneforskrifta og i samsvar med forvaltningsplanen kan det gjerast vedlikehald av eksisterande stigar med varding, bruer og klopper (Jf kart nr 4 og 5) **Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne oppgradering eller anna endring av standard i forhold til vernetidspunktet og opparbeiding og merking av nye stigar og løyper når det ikkje skadar verneverdiane. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til enkle tiltak som kan styrke friluftslivet eller ei næringsutvikling knytt til verneområdet eller som kan kanalisere ferdsla.** Med enkle tiltak er det her tenkt på: Stutte merka ruter evt. med førar (car walks) Naturstigar Småskala reiselivsutvikling i seterområda Tilrettelegging av enkelte kulturminne for formidling av historia knytt til bruken av området.

5.1. Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.

Forvaltningsplan

I Trollstigen landskapsvernområde er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfyllt fordi Ivo skal være skjerna for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål.

Bruk av motorisert ferdsel i samband med å reparere sti i Trollstigen landskapsvernområde er ikkje spesifisert som eit unntak nasjonalparkstyret kan gje dispensasjon til. Søknaden om bruk av motorisert ferdsel må difor behandlast som dispensasjon frå vernevedtak, jf. § 48 i naturmangfaldlova (nml).

Naturmangfaldlova § 48 «dispensasjon fra vernevedtak»:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

Vurdering:

Åndalsnes med Tindesenteret, Trollstigen, Trollveggen og Romsdalseggen har eit aukande press med turistar gjennom heile året. Det er spesielt auke i turistar som vil bruke naturen. Besøksstrategien til Reinheimen nasjonalpark er: «Reinheimen er attraksjonen - verdiskapinga skjer utanfor». Vi skal ikkje ha auka ferdsel inn i nasjonalparken for å ta omsyn til villreinen. Med auka besøk av aktivitetsbasert turisme må vi sørge for å kanalisere økt besøk til randsonane av nasjonalparken. Dette er spesielt viktig i vestområdet til Reinheimen som har såpass stort besøk.

Ifylgje ein besøksundersøking som vart gjort på Åndalsnes sommaren 2020, viste det seg at det var mange som vart buande her i fleire dagar. Det er veldig mange av dei aktivitetsbaserte turistane som skal gå Romsdalseggen/Rampestreken. Viss dei på dag 2 og 3 ynskjer å besøke nasjonalparken er det viktig å ha alternativ som gjer at dei held seg i randsonen, og ikkje tar bilturen inn til f. eks Tunga og aukar presset inn i desse fjellområda.

Sykkel og gåturar inn i Isterdalen og tur opp til Trollstigen, er eit godt alternativ til Romsdalseggen, og på denne strekninga kan vi nå ut med god informasjon til eit stort tal turistar. Kløvstien er ein av dei prioriterte stiane i besøksstrategien og i dag blir den drifta og restaurert av ein lokal dugnadsgjeng. Nasjonalparken bør ta eigarskap til denne stien og oppgradere den til ein standard for innfallsport.

Isterdalen har bratte fjellsider og ein meandrering elv i midten av dalen. Det er fleire rasvifter som samlar vannet når det er mykje nedbør. Ved mykje nedbør lagar bekkane seg nye løp. I omsøkt område vart stien anlagt i bakken der det kjem fleire bekkar ned ved mykje nedbør. Det er eit utfordrande område å ha ein sti som kan få mykje besøk. Med klimaendringane blir det nok ikkje enklare å halde stien ved like. Det er difor viktig at vatnet får renne uhindra og at stien har fleire stikkrenner som reduserer faren for at vatnet samlar seg og grev ut stien. Bru og klopper som blir laga må ta høgde for meir nedbør.

Tiltaka det søkjast om er nødvendig på grunn av skader etter mykje nedbør. Vi har heimel til å gje løyve til opparbeiding av sti i verneforskrifta, men motorferdsel i samband med dette har vi ikkje heimel til. Da tiltaket ikkje strir mot vernevedtakets formål og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig kan vi nytte § 48 i naturmangfaldlova.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande. Det er god kunnskap om naturverdiane i området gjennom naturbase og rapportar. Det er ikkje behov for å ta i bruk § 9 Føre-var prinsippet.

§ 10 - Økosystemtilnærming og samla belastning: Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempe. Belastninga for verneverdiane synes å være minimale isolert sett. Det er god oversikt over aktuelle tilretteleggingstiltak i området, og tiltaka vil ikkje skape unødig presedens. Tiltaket er i den mest trafikkerte delen av verneområdet, og er i samsvar med tiltak beskrive i besøksstrategi. Vilkår vil kunne avbøte på evt. ulemper for verneverdiane og besøkjande. § 11 - Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar. Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant.

§ 12 - Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode. Bruk av traktor til frakt av bru og gravemaskin til å utbetre stien er føremålstenleg metode for å løyse tilretteleggingsbehovet i dette tilfellet. Det gir ein stuttvarig uro, og vilkåra hindrar varige skader på naturen. Det er ein føresetnad at motorisert transport for gjennomføring av oppdraget blir planlagt godt for å unngå unødig kjøring innan verneområdet.

Å utbetre Kløvstien er eit viktig kanaliseringstiltak der besøkstrykket rundt Reinheimen Nasjonalpark er størst. Tiltaka det søkjast om er såleis viktig i arbeidet med besøksstrategien til Reinheimen nasjonalpark.

Vi ser at nytta ved å få ei ny bru og reparere eksisterande sti er er større enn ulempa arbeidet fører til. Vi synes difor det er positivt at Rauma kommune vil gjere desse utbetringane på stien.



Arkivsaksnummer: 2020/12486-22

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 01.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	58/2021	03.12.2021

Klage på vedtak - dispensasjon til oppsetting av vindmølle på Sterringen seter, gbnr 159/1/84, i Finndalen landskapsvernområde

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel til følgje.

Det er ingen nye moment i klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på sitt vedtak i styresak 43/2021, om å gje dispensasjon til å sette opp ei mindre vindmølle i tunet på Sterringen seter, fnr. 84, i Finndalen landskapsvernområde.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Mona og Fallingen, epost 10.09.20
- Dispensasjon til oppsetting av vindmølle og flaggstang - vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 23.11.2020, sak 46/2020
- Klage på vedtak, frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel v/leder Nelly Karidatter Einstulen, datert 20.12.20
- Merknad frå motpart, Mona og Arild Fallingen, e-post 24.02.21
- Klagebehandling - vedtak i nasjonalparkstyret for Reinheimen 12.03.21, sak 13/2021
- Vedtak i klagesak om vindmølle på Sterringen seter i Finndalen landskapsvernområde, Miljødirektoratet 01.07.2021
- Ny behandling om dispensasjon til oppsetting av vindmølle - vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 24.09.2020, sak 43/2021
- E-post frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel, 11.10.21 – stadfesting om å oppretthalde klage på vedtak om vindmølle.

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

Klaga er vurdert i medhald av:

- Forskrift for Finndalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2006
- Forvaltningslova

Stutt historikk i saka

- ✓ Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknad, og gav dispensasjon til oppsetting av vindmølle på Sterringen seter i Finndalen lvo, 23.11.20, i sak 46/2020.
- ✓ Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel klaga på vedtaket til nasjonalparkstyret.
- ✓ Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla klaga frå naturvernforbundet i møte 12.03.2021, der dei holdt fast på sitt vedtak, og oversendte klaga til miljødirektoratet for endeleg behandling av klaga.
- ✓ Miljødirektoratet behandla saka, men oppheva nasjonalparkstyret sitt vedtak, og sendte saka attende til ny behandling. Saka kom i retur fordi nasjonalparkstyret har behandla søknaden etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3 bokstav b) som berre gir dispensasjonsmoglegheit til nye bygningar i landskapsvernområdet. Dersom det skal gjevast dispensasjon til vindmølle, må den eventuelt gis etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ i denne sak.
- ✓ Nasjonalparkstyret for Reinheimen, behandla søknaden på nytt i styremøte 24.09.21. og gav i medhald av naturmangfaldlova § 48, dispensasjon til oppsetting av vindmølla.
- ✓ Naturvernforbundet sendte e-post 11.10.21 om at dei ville oppretthalde si klage på vedtak om dispensasjon til vindmølle i Finndalen lvo.

Klagefrist og klagerett

Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel klaga på vedtak i sak 46/2020, behandla i nasjonalparkstyret 23.11.20, om dispensasjon til å sette opp vindmølle på Sterringen i Finndalen lvo. Klagefrist og klagerett ble vurdert i nasjonalparkstyret 12.03.21, i sak 13/2021, og Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel har etter forvaltningslova sine retningsliner "rettslig klageinteresse" av et vedtak i saka. Klaga er mottat innan klagefristen, med ny stadfesting på e-post 11.10.21, om at naturvernforbundet opprettheld si klage etter at nasjonalparkstyret har behandla saka på nytt, med ny vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsmyndigheita skal vurdere om klaga frå naturvernforbundet gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak).

Klaga på vedtak i sak 43/2021, frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel:

Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel opprettheld si klage på vedtak om dispensasjon til oppsett av vindmølle på Sterringen seter, fnr. 84, i Finndalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknaden på nytt 24.09.21, og gjorde slik samrøystes vedtak:

«Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Mona og Arild Fallingen dispensasjon til oppføring av vindmølle på Sterringen seter, fnr. 84, i Finndalen landskapsvernområde.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Vindmølla skal ha ei mastehøgde på inntil 4,5 meter, og rotordiameter på 1,5 meter.
- Plassering av vindmølla skal vera på baksida av seterbygningane, inn mot sørsida av setertunet.
- Vindmølla skal kunne påførast ei mørk grøn farge for å vera minst mogleg synleg.
- Vindmølla skal vera eit supplement til eksisterande solcelleanlegg og erstatte eit fosilt drive aggregat på setra.
- Nasjonalparkstyret kan krevje at vindmølla blir fjerna dersom det ikkje lenger er driftsmessige behov for vindmølla, eller den er til ulempe for verneverdiane.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med grunneigar og kommunen i høve til plan- og bygningslova.»

Saksutgreiing: <https://www.miljovedtak.no/VedtakS%C3%B8k/VisSak?SakId=43832>

Vurdering

Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel opprettheld si klage på vedtak om å gje dispensasjon til å sette opp vindmølle på Sterringen seter i Finndalen.

Det står følgjande i klaga frå naturvernforbundet:

«Vi har følgjande kommentarer til Nasjonalparkstyrets vurdering av saken: Er tiltaket nødvendig for landbruksvirksomhet? Slik vi forstår søknaden og saksbehandlingen, er ikke vindturbinen er nødvendig for seterdriften med husdyrhold i seg sjøl, men ønskes oppsatt for å ha strøm fra annen kilde enn olje-aggregator til lys, varmtvann, kjøleskap, vaskemaskin og lignende fasiliteter i forbindelse med opphold på og turistbesøk til setra, - slik det blir opplyst om i søknaden fra tiltakshaver.

Vi kan ikke se av søknad eller saksbehandling at det har vært vurdert alternativ til vindkraft på setra, som til eksempel solcellepanel.

Det er trolig ikke behov for strøm om vinteren, søker skal vel ikke drive med vinterturisme. Likevel argumenteres det med at vindmølle er nødvendig fordi det trengs ekstra lading av batteribanken i vintermørket. En moderne batteribank som er riktig dimensjonert med friske batterier klarer seg gjennom vinteren uten ekstra lading, bare den er fulladet når vinteren setter inn. I et landskapsvernområde bør det derfor være nok med et riktig dimensjonert, moderne solcellepanel.

Vi har også noen spørsmål til den tenkte driften av en slik vindturbin i Finndalen. Hvordan vil dette bli ivaretatt? Skal vindturbinen være i drift vinterstid? Hvordan vil setereierne i så fall sørge for vedlikehold og service vinterstid? Det er lange avstander fra kjørbær veg inn til seterområdet (om lag 1 mil), og det er ikke tillatt å kjøre snøscooter inn til setrene i Finndalen.

Fjellturisme kan ikke sies å være likestilt med landbruksnæring og setring, og dispensasjon for vindturbin for å dekke et behov for stabil strøm til slik virksomhet (besøk på setra og utleie av seterhus) mener vi faller utenfor det nasjonalparkstyret skal støtte i form av dispensasjon fra verneforskriftene for landskapsvernområder som Finndalen.

Nasjonalparkstyret åpner med sitt dispensasjonsvedtak opp for at fjellturisme kan være en medvirkende, ja endog avgjørende begrunnelse til å gi tillatelse til vindkraft-anlegg tilknyttet seteranlegg i verna områder. Vi ser at stadig flere gamle setre går ut av drift og at mange av dem benyttes som hytter privat og for utleie. Noen setereiere som leier ut seteren/seterhus har også forsøkt å kombinere dette med andre tilbud retta mot turister/besøkende. Det gjelder også for seteranlegg i Finndalen landskapsvernområde, og vi tror at det på sikt kan føre til at flere ønsker å sette opp vindturbiner for å sikre stabil strømforsyning til slike private og utleide «hytter», med eller uten komplementerende tilbud til besøkende/turister.

Presedens. Som nasjonalparkstyret skriver er det 4 seterstuler med hele 32 setre i Finndalen, og vi mener at det er stor sannsynlighet for at flere seterdrivere på sikt kan komme til å søke om en lignende dispensasjon (for vindkraft-anlegg). De fleste setrene ligger åpent til i landskapet og vindturbiner vil komme til å være visuelt skjemmende i det åpne dalføret, og vil bryte med det tradisjonelle seterlandskapets bygningsmasse og utseende. Faren for presedens i en fjelldal med så mange setre som Finndalen er for stor til at en dispensasjon kan aksepteres. Dispensasjonen er heller ikke i det omsøkte tilfellet nødvendig for å drifte seteren, men for å kunne tilby fasiliteter privat og for besøkende (turisme), noe vi mener ikke er tungtveiende argument for å avvike verneforskriftene.

Nasjonalparkstyret konkluderer med at «Fordelen med å erstatte dieselaggregat med vindmølle er vurdert som større enn ulempene for landskapsbilete og samla belasting av området».

Hvordan kan Nasjonalparkstyret konkludere slik når 1) dispensasjonen IKKE er nødvendig for landbruksdriften, noe som bør være en forutsetning for dispensasjon gitt vernebestemmelsene, 2) man ikke har vurdert alternativ til vindturbin (som til eksempel solcellepanel), og 3) man ikke har garanti mot at vedtaket vil gi flere vindturbiner i det verna området på sikt, men tvert om uthuler verneforskriften med en slik dispensasjon.

Finndalen er ikke bare en seterdal. Det er også et naturområde på grensa til nasjonalparken Reinheimen, med store naturverdier som den varig verna elva Finna, gammel verna furuskog, og bestand av ville arter som rein, kongeørn og jerv. Det er derfor svært viktig å balansere seterdriften mot naturverdiene i Finndalen, slik at man kan ta vare på både kulturverdier og naturverdier for framtida.

Vi er sjokkert over at nettopp Nasjonalparkstyret for Reinheimen har gitt tillatelse til et tiltak som ensidig vektlegger hensynet til næringsinteresser, og som ikke tar inn over seg hvilke følger dette kan få for natur og landskap i landskapsvernområdet Finndalen.

Vi klager derfor på vedtaket om dispensasjon for etablering av vindkraft-anlegg, og ber om at vedtaket oppheves av klageinstansen.»

Nasjonalparkstyret for Reinheimen, skal "foreta de undersøkelser klagen gir grunnlag for", jf. forvaltningslova § 33. Mellom anna skal "motpart" i saka varslast om klaga, og få høve til å uttale seg. Motpart i denne saka er Mona og Arild Fallingen, rettighetshavar med seter- og beiterett på Sterringen seter fnr. 84, i Finndalen lvo. I trå med forvaltningslova § 33, ble det sendt varsel om klaga frå Naturvernforbundet til motparten, med ein frist til å gje uttale til saka.

I e-post 24.02.21 har Mona og Arild Fallingen følgjande merknad til klaga:
«Først må vi bringe på det rene at det er montert et 3kw solcelleanlegg, som fungerer kjempebra og er riktig dimensjonert. Men som det står i søknaden er vindmølla tenkt til å vere med å lade batteribanken i mørke perioder. Dette er et moderne anlegg med 12stk.batterier på 200ah og 12stk.solcellepaneler på 250watt. Seterstulen Sterringen ligger på baksiden av dalen, noe som korter ned solsesongen.

Vi vil også gjerne bestemme selv når setra skal brukast. Og ja, den er i bruk på vinteren, og det blir det mere av. Når det gjelder vinter vedlikehold er ikke dette noe problem, vil påstå at vedlikeholdet tilfredsstilltes ellers også på setra.

Det er i hovedsak med bakgrunn i det jordbruksmessige vi har behovet, men det må også vere rom for å drive seterturisme i en dal som Finndalen.

Med tanke på de uklarheter som vi ser er i saken, ønsker vi alle involverte parter velkomne på en befaring i saken. Vi tar gjerne en diskusjon om sikkerhet, solceller, kapasitet, lysforhold, batterier, innvertere, vindmøller, aggregater og ellers alternative energi kilder.

Vi har også et solcelleanlegg på gården på 20kw nettbasert og et moderne biobrensel anlegg, så tør påstå at vi har litt innsikt i hva dette dreier seg om. Vi føler at vi slik sett tar vår del av produksjon av alternativ energi.»

Klagar stiller spørsmål om tiltaket er nødvendig for landbruksverksemd. Tiltakshavar har slutta med mjølkeproduksjon og leverer ikkje lenger sommarmjølkk produsert på setra i Finndalen, men dei er framleis aktive bønder, og brukar setra på Sterringen i samband med beitebruk, både storfe, geit og hest. Nasjonalparkstyret for Reinheimen har og ei skjøtselsavtale med tiltakshavarane for å ivareta ei verdifull naturbeitemark, jf. godkjent Skjøtselsplan for Finndalen landskapsvernområde. Ei aktiv landbruks- og beitebruksnæring i Finndalen, er viktig for å kunne ivareta verneverdiane i området. Det bidreg til å ivareta setermiljø, kulturlandskap, naturbeitemark og biologisk mangfald. Seterturisme kan knytast til landbruks- og beitebruksnæring. I forvaltningsplan for Reinheimen er det teke høgde for at det vil vera behov for å utvikle setrene til turisme i Finndalen, der det står følgjande om potensialet for fjellturisme, s. 131:

Området har 32 setrar, som ved tilrettelegging kan gje ein viss overnattingskapasitet. Overnatting kan kombinerast med aktivitetar. Området er likevel av ein slik kvalitet at ein kan få ein del gjestedøgn utan tilrettelagde aktivitetar. Enkelte setrar kan også drive meir besøksorientert ved at gjester frå andre verksemdar, også utafor området, kan kome for å oppleve setermiljøet på dags- og kveldsarrangement. Verksemdar utafor området kan også utnytte friluftsverdiane i Finndalen. Utleige av hus på åremål kan også vere eit alternativ. Det er og potensiale for utleige i samband med jakt på hjortevilt og småvilt.

Som aktive husdyrbrukarar er tiltakshavar store delar av året på setra i Finndalen, også utover seinhausten. Planane om å utvikle Sterringen seter som besøksseter, gjer at det er behov for å utnytte eksisterande energianlegget på setra. Ved å nytte potensialet til eksisterande batteribank i seterfjøset, som supplement til solcelleanlegget, og erstatte eksisterande dieselaggregat med ei vindmølle, er vurdert som positivt. Vindkraft er ei fornybar energikjelde, og med plassering bak setertunet vil den ikkje skade landskapsbilete i nemneverdig grad. Vilkår vil avbøte på ulemper, da nasjonalparkstyret kan krevja at vindmølla blir fjerna dersom det ikkje lenger er driftsmessige behov for supplement til solselleanlegget.

Driftsmessige behov vil endre seg med tida og tilhøva, og gjeldande landbrukspolitikkk. Det er allment kjent at tilleggsnæringar i landbruket som småskala reiseliv knytt til turisme, framleis er satsingsområde i landbruket. Det er høve til å bruke ei skjønnsmessig vurdering av kva type anlegg som vil vera nødvendig for landbruksnæring i slike tilfelle. Når det gjeld energikjelde så er ei vindmølle av den storleik og kapasitet det er søkt om, ha ein konkret nytteverdi for næringsverksemd på setra, utan at nemneverdige ulemper for setermiljøet.

Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seter kan få dispensasjon til liknande tiltak, vera til stade. Det er vurdert at sannsynlegheita for at det vil bli mange liknande saker som relativt små. Det er god oversikt over landbruksnæringa og aktive næringsaktørar knytt til landbruket i Finndalen og verneområda elles. Oppsettinga av vindmølle er i denne saka knytt til eit driftsmessige behov, utvikling av natur- og kulturbasert næring på ei seter i drift. Løyvet til vindmølla er knytt til næring, og ikkje til hytter og

fritidsføremål, og vil dermed ikkje skape unødig presedens ved at mange andre i Finndalen kan sette opp vindmølle

Nasjonalparkstyret var på synfaring i Finndalen og på Sterringen seter 23.sept. 2021, og har tilstrekkeleg opplysningar i saka for å vurdere det som kjem fram i klaga frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel.

Med bakgrunn i vernereglane og ei vurdering av samla påverknad av verneverdiar vil nasjonalparkforvaltar tilrå at nasjonalparkstyret held fast på vedtak i sak 43/2021, behandla i styremøte 24.09.21.



Arkivsaksnummer: 2021/9170-6

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 23.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	59/2021	03.12.2021

Klage på vedtak - dispensasjon til inngjerding av seterhus og bygging av platting gnr/bnr 159/1/59 i Finndalen LVO

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har vurdert klaga frå Statsforvaltaren i Innlandet, og endrer vedtaket som gjeld platting i styresak 50/2021, slik at vedtak med vilkår blir slik:

Inngjerding

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Ola Stubrud Teigen dispensasjon til å gjerde inn eit avgrensa areal kring sitt seterhus med feste nr. 59, på Sterringen i Finndalen landskapsvernområde. Tiltaket skal hindre at beitedyr gjer skade på seterhus og er til unødig ulempe.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Det kan gjerdast inn eit areal på 43 m², og ca.27 løpemeter gjerde.
- Det nye gjerdet skal festast i eksisterande gjerde, som er montert til veggen på seterhuset si aust- og vestside.
- Det skal brukast tradisjonelt gjerdemateriell som skigard, stakitt, steingjerde.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at gjerdet blir fjerna.

Platting

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3 c), får Ola Stubrud Teigen avslag på søknad om platting kring seterhuset på Sveinesetra med festnr. 59, på Sterringen. Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate, jf. vernereglane i Finndalen landskapsvernområde. Plattingar av slik karakter vil kunne skape uheldig presedensverknad og føre til at det verdifulle setermiljøet i Finndalen får ein annan karakter, noko som er i strid ved verneføremålet.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Ola Stubrud Teigen, 13.06.19, oversendt frå Finndalen fjellstyre
- Vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 24.09.21, sak 50/2021 – dispensasjon til inngjerding av seterhus og bygging av platting på gnr. 159/1/59 i Finndalen lvo
- Klage på nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak, frå Statsforvalteren i Innlandet 19.10.2021 (Vedlegg)

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

Klaga er vurdert i medhald av:

- Forskrift for Finndalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2006
- Forvaltningslova

Klagefrist og klagerett

Fylkesmannen har klagerett på vedtak fatta av nasjonalparkstyret jf. naturmangfaldlova §62 tredje ledd siste setning. Elles gjeld dei alminnelege reglane om rett til å klage.

I vedtektene til Nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 12, er om klageadgang, klageinstans og klagehandsaming omtala.

Klage på vedtak fatta av styret, må vurderast/klagehandsamast av styret med mindre det er avtalt at saka kan handsamast av AU/forvaltar. Dersom det vert klaga på vedtak fatta av AU/forvaltaren etter delegert mynde, skal klagen vurderast/klagehandsamast av styret/arbeidsutvalet før den eventuelt vert sendt over til Miljødirektoratet som endeleg klageinstans. Miljødirektoratet er endeleg klageinstans for vedtak som styret/ forvaltar har fatta som forvaltningsstyresmakt.

Klaga frå Statsforvalteren er datert 19.10.2021. Vedtaket i Nasjonalparkstyret ble ekspedert på e-post 30.09.21 til søkjar, med kopi til grunneigar, offentlege myndigheitar og interessentar. Nasjonalparkstyret for Reinheimen mottok klaga frå Statsforvalteren i Innlandet 19.10.21, innan klagefristen på 3 veker, jf. forvaltningslova § 29.

Forvaltningsmyndigheita skal vurdere om klaga frå Statsforvalteren gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak). Nasjonalparkstyret for Reinheimen som har gjort vedtak i saka, skal "foreta de undersøkelser klagen gir grunnlag for", jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Dette kan til dømes vera at det er nødvendig å undersøke dei opplysningane som kjem fram i klaga, at det er nødvendig med synfaring osv. Nasjonalparkstyret skal vurdere om klaga gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak. Dersom nokon er "motpart" i saka skal vedkommande varslast om klaga og få høve til å uttale seg.

Klage på vedtak i sak 50/2021, frå Statforvalteren i Innlandet:

Statsforvalteren i Innlandet klager på vedtak om dispensasjon til inngjerding av seterhus og bygging av platting i Finndalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknaden 24.09.21, og gjorde slik samrøystes vedtak:

«Inngjerding

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Ola Stubrud Teigen dispensasjon til å gjerde inn eit avgrensa areal kring sitt seterhus med feste nr. 59, på Sterringen i Finndalen landskapsvernområde. Tiltaket skal hindre at beitedyr gjer skade på seterhus og er til unødig ulempe.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Det kan gjerdast inn eit areal på 43 m², og ca.27 løpemeter gjerde.

- Det nye gjerdet skal festast i eksisterande gjerde, som er montert til veggen på seterhuset si aust- og vestsida.
- Det skal brukast tradisjonelt gjerdemateriell som skigard, stakitt, steingjerde.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at gjerdet blir fjerna.

Platting

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Ola Stubrud Teigen dispensasjon til bygging av platting på vestsida av seterhuset på Sveinesetra med festnr. 59, på Sterringen. Plattingen skal byggjast i lengderetning av vestveggen på seterhuset, og med breidde på 2,2 meter ut til gjerde.

Grunngjeving for å gje dispensasjon er at tiltakshavar har fått godkjenning av Finndalen fjellstyre i 2019.

Plattingen innafor gjerdet på bakkenivå vil ikkje vere skjemmande eller føre til nemneverdig ulempe for verneverdiane i området.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.»

Saksutgreiing: <https://www.miljovedtak.no/VedtakS%C3%B8k/VisSak?SakId=47694>

Vurdering

Statsforvalteren i Innlandet klagar på Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak som gjeld bygging av platting, fordi dei meiner det er til ulempe for verneføremålet, og kan opne for ein praksis som samla sett kan påverke verneverdiane negativt. I tillegg er det lagt vekt på at vedtaket ikkje er tilstrekkeleg grunngjeve.

I klaga viser Statsforvalteren til innstillinga frå nasjonalparkforvaltar, som innstilte på at platting ikkje skulle byggjast ut frå verneføremål og presedensverknad. Under behandling av saka vart det lagt fram eit alternativt forslag til vedtak, og dispensasjon for å bygge platting vart gjeve. Grunngjeving for å gje dispensasjon er at tiltakshavar har fått godkjenning av Finndalen fjellstyre i 2019.

Rammer for vernet, med verneformål og vernereglar som gjeld landbruksnæring og byggeskikk i Finndalen, er lagt vekt på i klaga. Statsforvalteren viser direkte til forvaltningsplan som utdjupar verneforskrifta § 3, pkt. 1.3 c), slik:

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggeskikken og skal ikkje vere tillate.

Statsforvalteren skriv at bygging av platting ikkje kjem inn under unntaksreglane i verneforskriftas §1.2 eller dispensasjonsreglane etter §1.3 b., og må behandlast etter den generelle unntaksregelen i naturmangfaldlova §48, slik Nasjonalparkstyret har gjort. Men naturmangfaldlova § 48 set strenge krav til når dispensasjon kan gjevast, men opner for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Platting, terrasse og veranda er i forvaltningsplan nemnt konkret som eit framandelement i den lokale byggeskikken som ikkje skal tillast. Statsforvaltaren viser til at Nasjonalparkstyret for Reinheimen i liknande saker gjeve avslag på søknad om å bygge platting med denne grunngjevinga (Sæter på Vangen gnr. 159/1/77 (2019) og hytte i Finndalen, festnr.11 (Statskog) 2020.

Det er og vist til saksframstilling i saka, der forvaltar har vurdert omsyn til presedens, jf. naturmangfaldlova § 10. *«I forvaltningsplan er det registrert 96 byggverk i Finndalen, der 35 er seterhus og ca. 10 hytter. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seterhus og hytter vil søke om liknande tiltak vera til stade. Forvaltar har vurdert sannsynlegheita for at det vil bli mange liknande saker som stor, da setrene i også i aukande grad blir brukt til fritidsføremål»*. Statsforvaltar merka seg at dette er eit omsyn nasjonalparkstyret ikkje har vurdert i vedtaket.

At tiltakshavar har fått godkjenning av Finndalen fjellstyre i 2019 er ikkje ei tilstrekkeleg grunngeving for vedtaket. Statsforvaltar minner om at Fjellstyra og nasjonalparkstyra forvaltar ulike lovverk, respektive fjellova og naturmangfaldlova. Dei to lovene har ulike føremål. Fjellstyret skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenningen så langt ikkje anna er fastsett i eller i medhald av lov, i fyrste rekkje tradisjonelle bruksrettar som setring, jakt og fiske. Fjellstyra er ikkje eit offentlegrettsleg organ, og deira vedtak er ikkje bindande for Nasjonalparkstyret. Fjellstyret og Nasjonalparkstyret skal fatte vedtak på grunnlag av det lovverket dei er sett til å forvalte og gjennomføre er ei sjølvstendig vurdering. At fjellstyret har gjeve dispensasjon er difor ikkje ei tilstrekkeleg grunngeving for vedtaket.

Ut i frå ei samla vurdering av klagar og vernereglane i området er det tungtvegande grunnar for å fråvike vedtaket, og endre Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak 24.09.21 i sak 50/2021. Platting, terrasse og veranda er vurdert i utarbeidinga av forvaltningsplan, der slike byggverk er definert som framandelement i den lokale byggjeskikken, og ikkje skal vera tillate. Nasjonalparkstyret sitt vedtak i sak 50/2021, behandla 24.09.21, er til ulempe for verneformålet, det manglar vurdering av presedensomsyn jf. naturmangfaldlova § 10 og vedtaket er ikkje tilstrekkeleg grunngeve.



Reinheimen nasjonalparkstyre

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Vorkinn, 61 26 60 68

Klage - Finndalen landskapsvernområde - Inngjerding av seterhus og bygging av platting

Vi viser til vedtak i Reinheimen nasjonalparkstyre den 24.09.21, der det med heimel i naturmangfoldlova (nml) § 48 1. ledd, vart gjeve dispensasjon til å bygge platting ved seterhus.

1. Bakgrunn

Eigar av seter i Finndalen, gnr/bnr 159/1/59, har søkt om å om å bygge platting og gjerde inn seterhuset på setra i Finndalen. Klagen frå Statsforvaltaren gjeld kun bygging av platting på ca. 35 m².

Nasjonalparkforvaltar innstilte i saka til styret på at platting ikkje skulle byggast ut frå verneføremål og presedensverknad. Under behandling av saka vart det lagt fram eit alternativt forslag til vedtak og dispensasjon for å bygge platting vart gjeve. Grunngeving for å gje dispensasjon er at tiltakshavar har fått godkjenning av Finndalen fjellstyre i 2019.

2.2 Rammer for vernet

2.1 Verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde, 24.11.2006

Førmålet med Finndalen landskapsvernområde er m.a. å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar mm...

Reglane i pkt. 1.1. skal ikkje vere til hinder for: *Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde og liknande. Alt vedlikehald på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller eksteriøret på bygningen.* (jf. § 3, pkt. 1.2)



Nasjonalparkstyret kan jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.3, gje løyve til
b) oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og seterføremål, og
c) ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.
h) Gjerding i utmark og bygging av sankekveer

2.2 Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c:

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i materialval, byggjeteknikk, utforming og farge, jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c

Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.

3. Statsforvaltaren sin vurdering

Bygging av platting kjem ikkje inn under unntaksbestemmingane i verneforskriftas §1.2 eller dispensasjonsreglane etter §1.3b. Søknaden må difor behandlast etter den generelle unntaksbestemminga i naturmangfoldlovas §48, slik nasjonalparkstyret har gjort. I dette ligg at det omsøkte bygget ikkje er definert som eit landbruksbygg.

Nml § 48 set strenge krav til når dispensasjon kan gjevast, men opner for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt.

Dispensasjonsheimelen i naturmangfoldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal vere ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

3.1. Vedtaket er til ulempe for verneformålet

Ivaretaking av eit verdifullt seterlandskap er eitt av føremåla med å verne Finndalen. Kva dette skal innebere er utdjupa i forvaltningsplanen. Platting, terrasse og veranda er i planen nemnt konkret som eit framandelement i den lokale byggjeskikken som ikkje skal tillatast.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har i tidlegare saker gjeve avslag på søknad om å bygge platting med denne grunngevinga (Sæter på Vangen gnr. 159/1/77 (2019) og hytte i Finndalen, festnr.11 (Statskog) 2020).

3.2 Manglande omsyn til Naturmangfoldlovas §10 - presedensomsyn

Nasjonalparkforvaltar viser i saksinnstillinga til bl.a.:

«I forvaltningsplan er det registrert 96 byggverk i Finndalen, der 35 er seterhus og ca 10 hytter. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seterhus og hytter vil søke om liknande tiltak vera til stade. Forvaltar har vurdert sannsynlegheita for at det vil bli mange liknande saker som stor, da setrene i også i aukande



grad blir brukt til fritidsføremål».

Dette er eit omsyn nasjonalparkstyret ikkje har vurdert i vedtaket.

3.3 Grunngeving for vedtaket

Nasjonalparkstyrets grunngeving for å gje dispensasjon er at «*tiltakshavar har fått godkjenning av Finndalen fjellstyre i 2019*».

Fjellstyrene og nasjonalparkstyrene forvaltar ulike lover, respektive fjellova og naturmangfoldlova. Dei to lovene har ulike føremål. Fjellstyret skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenningen så langt ikkje anna er fastsett i eller i medhald av lov, i fyrste rekkje tradisjonelle bruksrettar som setring, jakt og fiske. Fjellstyra er ikkje eit offentlegrettsleg organ, og deira vedtak er ikkje bindande for nasjonalparkstyret.

Fjellstyret og nasjonalparkstyret skal fatte vedtak på grunnlag av det loverket dei er sett til å forvalte og gjennomføre ei sjølvstendig vurdering. At fjellstyret har gjeve dispensasjon er difor ikkje ei tilstrekkeleg grunngeving for vedtaket.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Innlandet påklagar Reinheimen nasjonalparkstyre sitt vedtak fordi vi meiner det er til ulempe verneføremålet, fordi det kan opne for ein praksis som samla sett kan påvirke verneverdiane negativt, og fordi vedtaket ikkje er tilstrekkeleg grunngeve.

Med helsing

Haavard Elstrand
direktør
miljøvern, landbruk og næringsutvikling

Vebjørn Knarrum
avdelingsdirektør
naturmangfold og verneområder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Miljødirektoratet
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



Arkivsaksnummer: 2021/11727-8

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 22.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	60/2021	03.12.2021

Finndalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2022 - oppsetting og tilsyn av jervebåser i Lauvlia under lisensjakt - Arild Fallinggen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Arild Fallinggen og Arild Svare dispensasjon til følgjande tiltak:

1. plassering av ein jervebåser i Lauvlia
2. motorferdsel med snøskuter for nødvendig tilsyn med jervebåsen i samband med lisensjakt for jerv.
3. motorferdsel med snøskuter for transport av jerveåte til Arild Fallinggen si seter på Sterringen.

Det er ikkje heimel i verneforskrifta til å gje motorferdselløyve til persontransport i samband med åtejakt på jerv.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen er gjeve for lisensjaktsesongen 2021/2022.
- Løyvet gjeld for inntil 10 turar samla, med nødvendig motorferdsel til jervebåsen for å rette opp eventuelle feil i elektronikk/kamera eller ved melding om dyr i båsen.
- Løyvet gjeld for 4 turar for frakt av jerveåte til setra ved Sterringen.
- Køyretrasè er frå vernegrensa ved Nordre Klomsrobekken langs Finndalsvegen til Sterringen.
- Jervebåsen skal plasserast slik at den ikkje synes langs sti og veg, både på sommarstid og vinterstid.
- Køyring i verneområda skal avgrensast til det strengt nødvendige for å unngå unødvendig forstyrring av dyrelivet.
- Utfylt køyrebok, som er felles for både Fallinggen og Svare, og dispensasjon skal vera med på turen.
- Køyrrapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 5. juni på følgjande skjema:
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapporteringsskjema_motorferdsel.pdf

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta og naturmangfaldlova. Det vert gjort oppmerksom på at løyve til motorferdsel med snøscooter og må avklarast med Vågå og Lom kommune og grunneigar jf. «Lov om motorferdsel i utmark».

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Arild Fallingen og Arild Svare sendt på e:post 14.11.2021.

Uttale frå Vågå kommune på e:post 17.11.2021

Uttale frå Lom kommune på e:post 15.11.2021

Uttale frå Statsforvaltaren i Innlandet på e:post 15.11.2021

Saksopplysningar

Uttale frå Vågå kommune ved Laila Nersveen:

Vågå kommune er positiv til plassering. Den er tenkt plassert i eit område der jerven ferdast. I tillegg er det gode mobilsignal slik at motorferdsel kan reduserast til eit minimum. Nils Øygarden har tidlegare hatt to jervbåsar i Finndalen ved Søre Gymmergrove. SNO har vore og sett på desse og dei er ikkje godkjende. Dei har forsøkte å reparere den nyaste båsen, men det blir ikkje bra nok. Ingen av desse to båsan blir difor tatt i bruk i år og det er viktig at det blir ei båsfelle i Finndalen. Vågå kommune meiner difor det er viktig at plassering blir godkjend da det er like sannsynleg at jerven kan gå i fella ved Lauvlie som ved Søre Gymmergrove.

Uttale frå Statsforvalteren i Innlandet ved Therese Ruud:

Statsforvalteren kan gi tillatelse til å bruke båsfelle for fangst av jerv etter forskrift om utøvelse av jakt og fangst. Før vi gir en slik tillatelse så skal vi gjøre vurderinger av plassering av nye båser, og vi innhenter ofte uttalelse fra kommune når båsen er ny og i dette tilfelles så må den også behandles av Nasjonalparkstyret. Fint om kommunen kan sende oss en liten vurdering av plasseringen og i tillegg avventer vi behandling i Nasjonalparkstyret.

Dersom båsen skal ha elektronisk overvåkning er det en forutsetning at den er plassert slik at den har god dekning for sending av bilder fra kamera og sending av signaler fra fellevarsler (Minkpolice). Videre må jervebåsen må også plasseres slik at fysisk tilsyn kan gjennomføres uansett vær- og føreforhold, og uten at fysisk tilsyn tar uforholdsmessig lang tid. Slik vi vurderer plasseringen som er omsøkt så tilfredsstillen den disse kravene til plassering.

I tillegg til å vurdere plassering av båsen så stiller vi krav om er at båsen er teknisk godkjent av SNO. Båsen til Arild Fallingen er enda ikke vurdert av SNO, men dette må gjøres før vi kan gi tillatelse til å ta i bruk båsen. Vi minner også om at søker må ha grunneiertillatelse for å sette opp bås på omsøkt sted.

Når det gjelder behovet for motorisert ferdsel så henviser vi til kommunene, nasjonalparkstyret og grunneier.

*Med bakgrunn i dette så avventer vi endelig behandling av søknaden om å bruke bås til lisensfelling av jerv som omsøkt til søknaden er behandlet i Nasjonalparkstyret for Reinheimen og den er teknisk vurdert av SNO. **Plassering med tanke på mobildekning og mulighet for fysisk tilsyn er tilfredsstillende for å kunne få tillatelse til båsfangst slik Statsforvalteren vurderer søknaden pr. nå.***


Nasjonalparkforvalter tok ein samtale med Sander Sæltun som er saksbehandlar i Lom kommune. Søkjar må i tillegg til å få løyve til motorferdsel frå Nasjonalparkstyret, få godkjenning frå kommunen. Kommunen kan gje snøskuterløyve etter søknad til utkøyring av åte og jervebåsar, men ikkje til persontransport i samband med åtejakt.

Søknaden

Arild Fallingen og Arild Svare søker om oppsetting av jervebås og løyve til å nytte snøskuter i samband med dette. Dei søker og om å nytte snøskuter i samband med åtejakt på jerv. Formålet er å effektivisere lisensfellinga av jerv.

Jervebåsen skal plasserast midt mellom Lauva og Klympen, ca 100 m sør for Finndalsvegen. Båsen vil plasseres her pga god mobildekning på stedet og at det over fleire år er registrert kryssing av jervespor. Det er også enkel adkomst frå Finndalsvegen sjølv om den ikkje vil synes.

Søkjer tenkjer det vil holde med 10 turar for tilsyn av båsen og at det kan kombineres med åtejakt på jerv ved Sterringen. «*Det vil vere nødvendig med 8 turer alene til åtejakta for å vakte denne. Dette er en meget god åteplass med regelmessig besøk av jerv, men avstanden fra Skårvangen er såpass lang at det er helt nødvendig med snøscooter for å holde den vaktet. All snøscootertransport er bare aktuell fra Skårvangen. Dette er både med tanke på avstand og av hensyn til villrein.*»



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Finndalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova (nml), 19.06.2009

Verneformål – forskrift

Verneføremålet § 2, for Finndalen lvo er som følger:

«*Formålet med Finndalen landskapsvernområde er å:*

- *ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- *ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.*
- *ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.*
- *ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Verneforskriftene i høve til oppføring av jervebås:

Landskapet i Finndalen lvo er i medhald av § 3 pkt. 1.1 verna mot inngrep.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3, pkt. 1.3 gje løyve til oppføring av nye bygg til jordbruks- og seterføremål. Verneforskrift og forvaltningsplan opnar i utgangspunktet berre for bygging nye bygg tilpassa driftsmessige behov i landbruket, og bygningar som til ei kvar tid inngår i gjeldande seterforskrift til fjellova. Oppsetting av jervebås er ikkje eit tiltak i dei spesifiserte reglane for unntak som nasjonalparkstyret kan gje løyve til, og må derfor vurderast etter § 48 i nml.

Motorisert ferdsel i samband med jervebås:

I Finndalen lvo er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode, § 3, pkt. 5.1. Finndalsvegen er open for motorisert ferdsel når den er open (§ 3, pkt. 5.2, b). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til nødvendig varetransport med snøscooter på faste køyretraseer til hytter og buer, utkøyring av salt i regi av beitelag mm, § 3, pkt. 5.3, b), c), men tilsyn med jervebåsar er ikkje av dei spesifiserte unntaka nasjonalparkstyret kan gje løyve til etter vernforskrifta.

Søknad om oppføring av jervebås, motorisert ferdsel med traktor og snøscooter for plassering av bås og tilsyn under lisensfellingsperioden, må behandlast etter § 48 i naturmangfaldlova, generelt unntak frå verneforskrifta.

Motorisert ferdsel i samband med åtejakt:

I forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag gjøres følgende endringer:

§ 5b skal lyde:

*Kommunen kan etter søknad **gi tillatelse til bruk av snøscooter på vinterføre for utkjøring og tilsyn med jervebåsar som er tillatt av fylkesmannen etter forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøvelse av jakt, felling og fangst § 31 første ledd bokstav a).** Kommunen kan etter søknad **gi tillatelse til bruk av snøscooter på vinterføre for utkjøring av åte og åtebuer i forbindelse med felling av jerv.** Kjøring etter første og annet punktum skal skje etter bestemte traseer som angis i kommunens vedtak. Antall tillatte turer etter annet punktum skal avgrensas og framgå av tillatelsen. Lisenshaver skal føre logg som på forespørsel må forevises til naturoppsynet.*

Kommunen har difor kun moglegheit til å gje snøskuterløyve etter søknad til utkøyring av åte og jervebåsar, men ikkje til persontransport i samband med åtejakt.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkelsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Det er gitt løyve av Reinheimen nasjonalparkstyre i 2015 om utsetting av jervebås i Finndalen og motorferdsel i samband med dette. 2017 var det gitt snøskuterløyve for utkøyring av åte i samband med jervejakt i Romsdalen lvo.

Vurdering

Det har vært store tap av sau til jerv i Finndalen i løpet av beitesesongen 2021. Statsforvaltaren i Innlandet tok difor kontakt med nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen for å opplyse om situasjonen. Det er gitt ut løyve til uttak av 8 jerv innafør jerveprioritert område i region 3 i lisensjaktperioda 2021/2022.

Det er allereie to andre jervebåsar i Finndalen, men ifylgje Vågå kommune er ikkje desse godkjende og vil ikkje bli nytta denne sesongen. Jervebåsen som blir sett opp av Arild Fallingen og Arild Svare vil bli den einaste jervebåsen i Finndalen denne lisensjakta.

Verneverdiane i Finndalen lvo er knytt til natur- og kulturlandskapsverdiar, der setermiljø utgjer ein vesentleg del. Forvaltningsstyresmakta kan i følgje forvaltningsplan tillate nye byggverk som er nødvendige for jordbruk- og seterføremål. Jervebås er ein installasjon som er tillat under lovleg lisensfelling av jerv. Jervebåsaner er og mobile, og vil ikkje vera permanente byggverk i verneområdet. Av omsyn til kulturlandskapsverdiar vil ikkje ei midlertidig plassering av jervebåsar under lisensfelling vera til nemneverdig ulempe eller skade for verneverdiane i området.

Plassering av jervebåsaner vil likevel vera avgjerande for kor stor den samla belastning tiltaket har i verneområdet. Det er viktig at den plasserast i eit område som har mobildekning for å minimere behovet for motorisert ferdsel i samband med tilsyn. Jervebåsen vil ha elektronisk overvåking, slik at det kun er nødvendig med tilsyn om noko hender med kameraet. I landskapsvernområdet er det ei målsetting om å halde motorisert ferdsel på eit minimum, men under lisensfelling kan noko motorisert ferdsel vera naudsynt for at felling skal kunne gjennomførast på ein effektiv måte.

Det er komme positiv uttale frå både Vågå kommune og frå Statsforvalteren om plasseringa av jervebåsen.

Både søknad om utplassering av jervebåsar og om motorferdsel er vurdert etter naturmangfaldlova § 8 –12: Kunnskapsgrunnlaget for avgjerda blir vurdert som tilstrekkeleg. På denne tida av året er det lite sannsynleg at motorferdsla langs vegen i Finndalen vil uroe villrein eller anna dyreliv nemneverdig. Løyvet vil difor truleg ikkje påverke eller medføre skade på naturmangfaldet i området (nml. § 8-9). Det er minimalt med motorferdsel i verneområdet og samla belastning blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet (nml. § 10). Det er heller ikkje betre alternative tiltak eller transportmiddel som kan nyttast jmf § 12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode). Naturmangfaldlova § 11 (Kostnadar ved miljøforringing) blir ikkje vurdert som relevant for denne søknaden.

Kommunen har kun moglegheit til å gje snøskuterløyve med heimel i motorferdsellova til utkøyring av åte og jervebåsar og ikkje til persontransport i samband med åtejakt. Vi ser ikkje grunn til at nasjonalparkstyret skal gje løyve til persontransport for åtejakt. Søkjar kan planlegge åtejakta i samband med utkøyringa av åtet. Ved å nytte store kadaver til åte vil 4 turar være tilstrekkeleg for utkøyring.

Ut i frå ei total vurdering meiner vi at plassering av jervebås, og nødvendig motorferdsel i samband med tilsyn og utkøyring av åte vil være av forbigåande karakter, ikkje strir mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.



Arkivsaksnummer: 2020/8174-13

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 15.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	61/2021	03.12.2021

Ny behandling - Trollstigen LVO - dispensasjon - plassering av posterings- og jaktbu på jerv i Steindalen-Valldal og Fjørå beitelag

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Hans Martin Gjedrem avslag på søknad om å plassere posterings- og jaktbu i Steindalen i samband med lisensfelling / skadefellingsløyve av jerv.

Dispensasjon vil kunne skape ein presedensverknad som fører til stor samla belastning for verneområda knytt til Reinheimen. Tiltaket er til ulempe for verneverdiane, og strider mot verneføremålet.

Eit alternativ til posterings- og jaktbu i Steindalen, kan løysast ved å bruke telt i barmarksesongen. Eit robust telt er ein meir fleksibel løysning ved eventuell skadefelling, og under lisensfellingsperioden, da teltet kan flyttast dit det er behov.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Rapport Miljødirektoratet – ulovleg oppsatt jaktbu 08.07.20
- Varsel frå Nasjonalparkstyret om mogleg pålegg om retting etter naturmangfaldlova § 69, 21.12.20
- Fråsegn om førehandsvarsel frå Hans Marting Gjedrem, 11.01.21
- Søknad om bygging av gjetarbu i Steindalen frå Hans Martin Gjedrem, 17.05.21, journalført 23.06.21
- Avslag på søknad om bygging av gjetarbu. Nasjonalparkstyret for Reinheimen, sak 35/2021, behandla 02.07.2021.
- Brev frå Hans Martin Gjedrem, 29.07.21
- Klage på gjetarbu, og søknad om jakt- og posteringsbu i Steindalen, frå Valldal og Fjørå beitelag 05.09.2021
- Uttale frå Statsforvaltar i Møre og Romsdal, e-post 22.11.21

Saksopplysningar

Historikk i saka:

SNO har 08.07.20 sendt ein rapport til nasjonalparkstyret, med dokumentasjon på ein ulovleg oppsett jaktbu i Steindalen. Jaktbua er av SNO målt opp til 2,2 m2 og ligg mellom

DNT-stien og Steindalselva ca 2 km innafør vernegrensa til Trollstigen lvo, og ca 500 meter frå vernegrensa til Reinheimen nasjonalpark.

Nasjonalparkforvaltar med signatur frå styreleiar, sendte 09.11.20 eit varsel om mogleg pålegg om retting av ulovleg oppsatt jaktbu i Steindalen, etter at det vart kjent at Hans Martin Gjedrem hadde sett opp byggverket. Etter forvaltningslova § 16, skal eit mogleg pålegg etter naturmangfaldlova § 69 alltid varslast, og det skal gjevast høve til fråsegn. Hans Martin Gjedrem fekk frist 11.01.21 til å gje fråsegn i saka.

Nasjonalparkstyret mottok merknader og ei orientering frå Hans Martin Gjedrem innnan fristen 11.01.21, der det gjekk fram at laftekassa vart satt opp i 2014 som kombinert gjetarbu/jaktbu, og at det var ønskje om å søke om tiltaket for vurdering av etterfølgande dispensasjon.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknad om gjetarbu frå Hans Martin Gjedrem 02.07.21, og gav avslag på søknad om gjetarbu i Steindalen:

«Med heimel i verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, b) får Hans Martin Gjedrem avslag på søknad om gjetarbu i Steindalen, konstruert som ei jaktbu.

Plassering av byggverket er i ubebygde område, og skal etter vernereglane ikkje gjevast løyve til. Det er heller ikkje opna for at enkeltbrukarar kan få dispensasjon til å sette opp gjetarbu i verneområdet. Tiltaket er til ulempe for verneverdiane, og strider mot verneføremålet.»

Hans Martin Gjedrem sendet brev datert 29.07.21 etter vedtak om avslag, der han skriv følgjande: *I beitesesong 2021 har statsforvaltaren i Møre og Romsdal gitt fire skadefellingsløyve på jerv grunna tap av lam på beite. To av disse løyva er gitt direkte til Tone Grønningsæter og undertegna som driv med sau i Steindalen. I lovverket for Trollstigen landskapsvernområde står det at det ikkje er høve til å sette opp jaktbu og at ei gjetarbu må søkast om frå beitelaget. Situasjonen i Steindalen er alvorleg med tanke på vidare beitebruk om tap av lam/sau til rovdyr ikkje blir prioritert. Eg vil tru styret i landskapsvernområdet kan gå for ei innstilling om at det kan vere ei bu på 2m² i Steindalen mot at det fortsett vil vere 500 beitedyr i Steindalen som gjer ein avgjerande jobb for å bevare kulturlandskapet. Vil søke om å nytte eksisterande bu (som ikkje er godkjent), men med endringar på utsjånaden for meir å gå i eitt med naturen. Bua er sett opp i kjerneområdet for jervens herjingar (Fjord Kommune har kart som syner dokumenterte funn av jervedrept sau/lam i området). Under skadefellinga av jerv er bua nytta av kommunalt jaktlag og utvida tilsyn gjort av beitebrukarane sjølve. Å nytte sel på Steindalstølen eller hytte på Tjønne er ikkje eit alternativ i jakt/tilsyn under rådande omstende. Jakt på jerv er blitt ein vesentleg del av beitenæringa si oppgåve og det må vege tungt i denne saka og soleis ikkje gje presedens i eventuelt tilsvarande saker. Sender med fellingsløyve gitt av statsforvaltar som vedlegg. Ønsker snarast råd eit møte med miljødepartementet, miljødirektorat, statsforvaltar, Fjord kommune, statens naturoppsyn (SNO) og styre i landskapsvernområdet om saka og situasjonen i landskapsvernområdet generelt før de behandlar denna saka vidare. Kven som tar saka vidare om eit møte veit ikkje eg, men vil ta det opp med Fjord kommune.*

Forvaltar tok så kontakt med Gjedrem for å få til eit møte. Men etter nærare avklaringar vart det semje om å utsette møte med offentlege myndigheiter og beitebrukar, til Nasjonalparkstyret har behandla klaga / ny søknad om posterings- og jaktbu i Steindalen.

Valldal og Fjørå beitelag har også sendt klage på vedtak om bu i Steindalen, og ber om at søknaden blir vurdert utifrå behovet for posterings- og jaktbu i Steindalen. Brevet frå Valldal og Fjørå beitelag er datert 05.09.2021. Valldal og Fjørå beitelag skriv følgjande:

«Det var 17.05.21 søkt om å dispensasjon til å ha ei gjetarbu i Steindalen. Den søknaden blei ikkje innvilga av nasjonalparkstyret 02.07.21 då bue blei definert som jaktbu, ikkje gjetarbu. Det blei sendt ei tilbakemelding frå Hans Martin Gjedrem på vedtaket {ref epost}, men ikkje ei klage. Valldal og Fjørå Beitelag vil dermed ta saka vidare og påklage vedtaket.

Bua i Steindalen har vore avgjerande for beitenæringa då ho blir nytta som posterings- og jaktbu på jerv. Både kommunalt fellingslag og medlemmar i Valldal og Fjørå beitelag har nytta bua under skadefellig. Jakt på jerv har vore det viktigaste tiltaket i beiteområdet og ein ser det naudsynt å ha ei bu til dette føremålet slik situasjonen i Steindalen er no. 2. august 2021 blei det felt ein jerv etter postering frå bua. Dette er ei svært krevjande jakt på barmark og det å ha best mogleg fasilitetar for å kunne ta ut skadedyr ved felling er avgjerande. I sommar har statsforvaltaren i Møre og Romsdal gitt fire skadefellingsløyve på jerv etter kadaverfunn i Steindalen. Valldal og Fjørå beitelag vonar ein kan sjå vekk frå regel om at det ikkje er lov å sete opp jaktbu i landskapsvernområdet då dette er eit viktig reiskap i aktiv beitebruk slik høva er no. Om situasjonen eventuleit vil endre seg på sikt vil bua lett kunne fjernast då det ikkje er gjort noko fundamentering, kun eit enklet trebygg. Vonar klage blir tatt til følgje.»

Klagefrist og klagerett

Det går fram av forvaltningslova § 28 første ledd at «*parter og andre som har rettslig klageinteresse i saken*» kan klage på enkeltvedtaket. Kven som er part, er nærare definert forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav e): *”person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder”*.

Hans Martin Gjedrem er part i saka og har sendt brev til nasjonalparkstyret innan klagefristen. I brevet går det fram at Gjedrem ikkje klagar på avslag om gjetarbu, men at det primært er ønskje om eit møte om situasjonen i området, og få ein ny vurdering av oppsetting av posterings- og jaktbu i samband med jervejakt i Steindalen.


Valldal og Fjørå beitelag har to medlemmar med sau i Steindalen, og beitelaget vil etter denne definisjon ha «*rettsleg klageinteresse*» av vedtak etter verneforskrift og naturmangfaldlova, som i denne saken. For dei med rettsleg klageinteresse, og som ikkje har fått skriftleg underretning, løper fristen først frå det tidspunkt dei har fått eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Valldal og Fjørå beitelag skriv ikkje i brevet når dei ble kjent med vedtaket, men tidlegare søkjar er også medlem i beitelaget, og informasjon om klagefrist og kor klagen skulle sendast ble informert om ved ekspedering av avslaget 19.07.21. Brevet frå Valldal og Fjørå beitelag er datert 05.09.21, over 4 veker etter klagefristen på 3 veker, jf. fvl. § 29., og klaga kan avvisast. Klaga frå beitelaget rettar seg heller ikkje mot avslag om gjetarbu, men dei skriv, som Gjedrem, at det er avgjerande for beitenæringa at det blir plassert ei posterings- og jaktbu for felling av jerv, i Steindalen.

Både Hans Martin Gjedrem og Valldal og Fjørå beitelag, har sine brev presisert at behovet for byggverk i Steindalen er posterings- og jaktbu for jerv, og ikkje gjetarbu. I nasjonalparkstyret sitt vedtak 02.02.21, er ikkje behovet for posterings- eller jaktbu for jerv vurdert. Søknad om posterings- og jaktbu i Steindalen må vurderast på nytt etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova § 48, første ledd, første alternativ, som unntak frå vernereglane.

Ut i frå ei samla vurdering må saka behandlast på nytt, da formålet med tiltaket gjeld posterings- og jaktbu for jerv, som krev vurdering etter NML § 48.

Søknad om posterings- og jaktbu:

Tiltaket gjeld plassering av ei laftekasse på 1,7 x 1,3 m, med takhøyde 1,6 m, utforma som eit enkelt skjul med kikkertopning på eine langveggen. Byggverket skal fungere som posterings- og jaktbu i samband med lisensfelling av jerv. jf. skisse/foto under. Kassa skal plasserast 2 km innafor vernegrensa til Trollstigen lvo i og ca 500 meter frå grensa til Reinheimen nasjonalpark, som markert på kartet under.



Skisse med mål, og foto av posteringbua

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

§ 2 Formål:

«Formålet med opprettinga av Trollstigen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart*
- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen*
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Etter verneforskriften § 3, pkt. 1.1 er området verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

«Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekulturivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er det ikkje teke høgde for at det kan være behov for bygvverk som posterings- jaktbuer i samband med utøving av jakt. Utøving av jakt og fiske er direkte heimla i verneforskrifta og kan utøvast etter gjeldande reglar i lakse- og innlandsfiskeleva og naturmangfaldlova. Behovet for bygningar i landbruks- og beitebruksæring er i forvaltningsplan knytt til jordbruks- og seterformål, og felles tilsynsbuer for overnatting. Verneforskrifta for Trollstigen landskapsvernområde har ikkje retningsliner som opnar for oppføring av posterings- og jaktbu, og søknaden må vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfoldlova § 48 første ledd, første alternativ.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet.

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan og naturmangfaldlova § 48 må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning

på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Verneverdiane i Trollstigen Ivo er knytt til eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. Utmarksbeiting er ein viktig faktor for å oppretthalde naturverdiane i verneområdet, der eit variert biologisk mangfald er ein vesentleg del av formålet.



Foto: Steindalsstølen

Det er lagt til grunn i verneplan at landbruksnæring knytt til utmarksbeite skal kunne halde fram som før. I verneforskrifta er det teke høgde for at det kan søkast nasjonalparkstyret om løyve til oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn. Valldal og Fjørå beitelag skriv at det er avgjerande for beitenæringa med ei posterings- og jaktbu i Steindalen for lisensjakt og skadefelling på jerv. Dette var ikkje eit behov som er spsfisert ved utarbeiding av vernereglane, til trass for at det også på vernetidspunktet var store utfordringar med rovdyr for beitenæringa i verneområda.

Det blir slept ca 500 sau på utmarksbeite i Steindalen/Grøndalen. Steindalen er ein inngang til Reinheimen nasjonalpark der det er DNT-merka sti til Tjønnebu og vidare mot Vakkerstølen. Foto over viser seterbygningane på Steindalsstølen som ligg rett innafør vernegrensa i oppstigninga til Steindalen. Omsøkt posterings-og jaktbu for jerv ligg om lag 2 km frå Steindalsstølen.



Foto: Steindalen mot aust

Utøving av jakt og fiske er direkte heimla i verneforskrifta, jf. § 3, pkt 3.2, a, b., og kan utøvast etter reglane i lakse- og innlandsfiskelova og naturmangfaldlova.

Forvaltningsstyresmakta skal samrå seg med viltstyresmaktene i forvaltnings spørsmål som kan vere viktig for viltet. Forvaltar har vore i kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når det gjeld skadesituasjon i området, og behov for posterings- og jaktbu i samband med skadefellingsløyve på jerv.

Det er informasjon frå Statsforvaltar at det er jervebås på Grønningsæter lenger ut i dalen, og at det blir lagt ut åte på Øvstestølen i samband med evt. lisensjakt på jerv i område.

Forvaltar har 22.11.21 fått følgjande uttale frå Statsforvaltar i Møre og Romsdal om lisensfelling på jerv i forvaltningsområdet, og om behovet for posteringsbu i samband med jervjakt.

«Det er i lisensfelling på jerv i forvaltningsområdet i år. Opprinnelig var kvota 2 dyr innafor forvaltningsområdet og 5 dyr utafor forvaltningsområdet for 2021. Det er igjen 1 dyr på kvota i forvaltningsområdet etter at det i august blei felt jerv på skadefelling i Steindalen. Felling skjedde frå den aktuelle bua. Det er årleg tap til jerv i desse jerveområda og dei seinare åra har det vore dels store tap. Det er likevel ikkje slik at vi kan rekne med at det vert kvote for lisensfelling i forvaltningsområdet kvart år. Bua står nok på rett plass i forhold til skadefelling i somarhalvåret, vi er meir usikre på kva betydning den vil kunne ha for eventuell lisensfelling. I somarhalvåret har vi og tru på at eit robust telt kan gjera same nytta og med det fortrinn at det kan flyttast dit det er behov.»

Dersom ein gir dispensasjon skal ein vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i verneområda knytt til Reinheimen, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning). I Reinheimen nasjonalpark og tilknytte landskapsvernområde er det totalt 14 beitelag, og i 2018 var det sleppt over 20 000 sau/lam. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at mange andre kan få dispensasjon til liknande tiltak i verneområda vera til stade, dersom ein gir dispensasjon.

På ei anna side er det god oversikt over jervebåsar og åte- og posteringsbuer i og utanfor verneområdet. Det er også signalisert ovanfor jaktlag at posterings- og åtebu og jervebåsar generelt skal plassert lett tilgjengeleg vinterstid, for å effektivisere lisensjakta, og minimalisere behov for motorisert transport i verneområde.

Ut i frå ei vurdering av den samla belastninga dette tiltaket kan føre til, vil nasjonalparkforvaltar tilrå at søknaden om plassering av posterings- jaktbu i Steindalen i

Trollstigen Ivo blir avslått. Eit avslag er grunngeve med at dispensasjon vil kunne skape unødig presedens ved mange liknande søknader frå beitelag og jaktlag, noko som vil uthole vernereglane for området, jf. nml § 10 (samla belastning). Tiltaket vil og kunne føre til auka behov for motorisert ferdsel i området. Det er også eit godt alternativ å bruke telt, da det i sommarhalvåret vil gjera same nytta under skadefelling, og i tillegg være ein meir fleksibel løysning ved lisensfelling, da teltet kan flyttast dit det er behov.



Arkivsaksnummer: 2021/11909-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 21.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	62/2021	03.12.2021

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Behov for midler til tiltak, driftsmidler og SNO ressurs - 2022

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber om at forvaltar melder inn følgjande tiltak til budsjettposten 1420.31 (midler til tiltak 2022) i ESS:

Namn	Tiltakstype	Verneområde	Beløp
Skjøtsel med Nofence på geit	Beiting- og/gjerding for bufe	Finndalen lvo	70 000
Skjøtsel med slått på Bjøknesetra	Slått og rydding	Lordalen lvo	20 000
Skjøtsel med slått på Selen, Gravdehaug, Brøstdalen og Vermedalen	Slått og rydding	Romsdalen lvo	100 000
Slettvikane	Oppføring av innfallsport/P-plass, do og infotavle	Reinheimen np	400 000
Kløvstien i Isterdalen (Ved Trollstigen)	Utvidelse og grusing av parkering, 4 bruer, rasteplass, utedo, bålplate, gapahuk	Trollstigen lvo	630 000
Prosjektering Trollveggen infopunkt, og natursti	Natursti og infopunkt	Reinheimen np	200 000
Vedlikeholdsarbeid - innfallsporter /infopunkt, trykking av nye infoplakater jf. besøksstrategi	Vedlikehold av innfallsporter og infopunkt, jf. besøksstrategi	Reinheimen np	100 000
4 Ferdsestellere, Billingen, Kløvstien, Asbjørnsdalen	Oppfølging besøkstelling	Reinheimen np	1
Brukerundersøkelse i Reinheimen	Besøfsforvaltning	Reinheimen np	350 000
SUM			1 870 001

Nasjonalparkstyret ber om at forvaltar melder inn behov for midlar frå budsjettposten 1420.21 i ESS, til å dekke drift av nasjonalparkstyret for Reinheimen i 2022.

Driftsmidlane til nasjonalparkstyret skal kunne dekke minimum 4 fysiske møter, evt. synfaringer, elektroniske møte / møte i AU-Reinheimen, aktuelle konferansar, evt. nasjonalparkkonferansen. Driftsbudsjettet skal også dekke minimum møte med rådgjevande utval og administrativt fagutval, lokale møte i samband med skjøtselstiltak og evt gjennomføring av tiltak i besøksstrategien.

Vedlagde skjema for bestilling av SNO-ressurs til Reinheimen 2022, skal sendes på e-post; postmottak@miljodir.no innan 10.januar 2022.

Etter tildeling av budsjettmidler til Reinheimen i 2022, skal nasjonalparkstyret for Reinheimen behandle den endeleg prioritering av tiltak, for gjennomføring i 2022.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og SNO-ressurser i verneområder - 2022, Miljødirektoratet 16.11.2021.
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025. (Vedlegg)
- Skjema for innspill om ønsket SNO-ressurs (Vedlegg)
- Møtereferat 09.11.21, planleggingsmøte mellom SNO og forvaltarar i Reinheimen
- Forvaltningsplan for Reinheimen (2010)
- Besøksstrategi i Reinheimen (2019)
- Skjøtselsplaner for verneområder knytt til Reinheimen nasjonalpark
- Tiltaksplan for Reinheimen
- Mulighetsstudie – Hovedinnfallsport: Norsk Tindesenter -Trollstigen- Trollveggen

Saksopplysningar

Miljødirektoratet har 16.11.2021 sendt brev til nasjonalparkstyrene med rammer og opplegg for innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av SNO-ressurser i 2022. I tillegg er det lagt ved strategier for bruk av midler til tiltak i verneområder for 2020-2025.

Forutsetningar for og prioriteringar av midlar til tiltak i verneområda, over budsjettposten post 31, er at naturtilstanden i verneområda oppretthaldast og betrast. Miljødirektoratet legg *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder* til grunn for tildeling av midlar. Prioriteringane i strategien skal også følgjast ved innmelding av tiltak.

Midlar til kartleggingar og andre nødvendige utredningar som er direkte knytt til tiltak, kan tildelast over tiltaksposten.

Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde er vedlagd saksutgreiinga, og det er mellom anna presisert i strategien at innmeldinga skal være for midlar til tiltak i regi av styret som forvaltningsmyndigheit, og ikkje ei liste over tiltak som kommunar, private aktørar eller andre ønskjer å utføre. Sjølva innmeldinga skal være forvaltninga si liste over prioriterte tiltak som vert planlagt for gjennomføring i 2022, ikkje ein fleirårig tiltaksliste som ikkje skal gjennomførast i 2022.

Det overordna målet for bruken av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert halde i hevd og bedra. For å kunne nå dette målet, er det viktig at tiltak som bedrar tilstanden til verneverdiane prioriterast høgt. Tildeling av midlar skjer etter bestemte prioriteringar, og strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområda.

Alle innmeldte tiltak skal vera i trå med godkjend forvaltnings- eller skjøtelsesplan, besøksstrategi eller andre relevante styringsdokument.

Midlar til kartleggingar og andre nødvendige utredningar som er knytt til tiltak, kan også tildelast midlar over tiltaksposten.

Når det gjeld finansiering av større tilretteleggingstiltak, er det verd å merke seg at bygging av installasjonar som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplassar knytt til verneområder, må være forankra i ein godkjent besøksstrategi for å kunne bli prioritert. Tiltaksmidlar i slike tilfelle kan brukast til (primært å delfinansiere) gjennomføring av denne typen tilrettelegging, og søknader til slike anlegg skal være grunngeve utifrå besøkstall og eksisterende bruk av området.

Tiltak som krev tilrettelegging etter universell utforming med krav til dekke, terrengutforming og bredde, er vanskeleg i verneområde. I verneforskriftene er det eit generelt forbod mot tyngre tekniske inngrep, og slike tilretteleggingstiltak er ikkje heimel for å må evt vurderast etter unntaksreglen, § 48 i nml. Utanfor verneområdet, knytt til innfallsportar, kan det i enkelte tilfelle være aktuelt å etablere tilretteleggingstiltak med universell utforming. Også ved tyngre tilrettelegging utanfor verneområde, bør forvaltningsmyndigheit vurdere behovet sett i høve til kostnader og inngrep. Med bakgrunn i dette vil det være høg terskel for tildeling av midlar utover det som kan definerast som "enkel tilrettelegging" i verneområde.

Forvaltarane hadde møte med SNO 09.11.21 der det ble rapportert på årets arbeid, og drøfting av utfordringar og behov for tilsyn- og kontrolloppgåver kommande år. SNO er ansvarleg for planlegging, prioriteringar og økonomi for gjennomføring og rapportering av tilsyns- og kontrolloppgåver. Det er i tillegg behov for å få utført feltoppgåvar som registreringsarbeid, bevaringsmål eller tiltak i verneområde (restaurerings-, skjøtelses- eller tilretteleggingstiltak).

Behov for personalressursar skal sendes SNO til postmottak@miljodir.no på vedlagte skjema. SNO vil vurdere dei innmeldte arbeidsoppgåvene opp mot andre pålagte oppgåver, samt kapasitet og kompetanse.

Tiltaksmidlane vil bli tildelt i hovudtildelinga i februar 2022. Dersom det skulle bli behov for supplerande tildelingar knytt til uføresette utgifter, meldes slike behov inn miljødirektoratet i løpet av året.

For 2022 skal verneområdestyrene også melde inn ønske om driftsmidler over post 1420.21 i ESS (Elektronisk søknadssenter).

Søknadsfristen for midlar til både tiltak, drift av Nasjonalparkstyret, og bestilling av SNO-ressurs, er **10.januar 2022**.

Vurdering

Tiltaksmidler for Reinheimen 2021, Post 31:

Kommentarar til aktuelle tiltak i Reinheimen i 2021:

Skjøtselstiltak:

Skjøtelsesplanar i Reinheimen dannar grunnlag for nye skjøtselstiltak i lanskapsvernområda Finndalen, Lordalen, Romsdalen og Tafjord-Reindalen. Det er behov for å melde inn **kr. 190 000,-** for å vidareføre skjøtelsesavtaler og evt inngå nye. Nokre tiltak gjled å vidareføre

tidlegare skjøtselstiltak for å oppretthalde kontinuerleg slått, beiting i kombinasjon med rydding, eller rydding av vegetasjon for å hindre attgroing.

Slettvikane

Informasjonspunkt langs rv 63. i besøksstrategi.

Oppføring av innfallsport/P-plass, do og infotavle. Tiltaket er eit spleiselag, der Fylkeskommunen i Møre og Romsdal har teke på seg driftsansvaret. På møtet med fylkeskommunen, kommunen og grunneigarar 23. juni 2021 kom det fram eit ynskje om at nasjonalparkstyret for Reinheimen skulle bidra med 250 000 kr for å delfinansiere toalettet. Området vart regulert i 2006. Det er og behov for å oppgradere informasjonspunktet i samsvar med besøksstrategien og merkestrategien for Norges nasjonalparker (150 000 kr).

Kløvstien

Kløvstien er ein av dei prioriterte stiane i besøksstrategien som kan forvente meir besøk pga aukande besøkstal i område og ein ny innspilling i 2021 av Kompani Lauritzen der Kløvstien var med. Stien ligg i eit område som er utsett for mykje skadar på stien pga flom ved styrtregn. Hausten 2021 vart store delar av stien råka av flaum, då bruane ikkje er tilrettelagt for store nok vannmasser. Dette kan bli eit økande problem med klimaendringane, og vi treng ein sti med kloppar og bruer som er tilpassa meir vatn i bevegelse. I 2021 vart det laga ein flom og skredvurdering i området og ein rapport som syner tiltak som bør utbetras i det mest utsatte området.

Vi har allereie ein avtale med landskapsarkitekt om å prosjektere parkeringsplassen ved startpunktet, rasteplass og utedo.

Det er og ein avtale med grunneigarar om å sette opp ein gapahuk på stien som både Trollstigen gjestegård skal nytte til sine gjestar, men og som skal være open for allmennheta.

Vi har fått eit kostnadsoverslag frå firmaet «NY Sti» på 500 000 kr for å sette opp fire bruer i kjerneved. I tillegg vil det koste med tekning av gapahuk, grusing av veg, oppgradering av parkeringsplass med rasteplass og utedo.

Trollveggen informasjonspunkt

I «Mulighetsstudiet for hovedinnfallsport: Norsk Tindesenter -Trollstigen – Trollveggen, er det et forslag om å etablere ein natursti for barn langs Eiafossen, som er ein allereie etablert sti som går frå Trollveggen stasjon til Trollveggen camping. Informasjonspunktet på Trollveggen er utdatert og det trengs ein oppgradering. Natursti (eventurskog i regi av Tindesenteret) og informasjonspunkt må prosjekteres (200 000 kr).

Vedlikehaldsarbeider innfallsporter, infopunkt, trykking plakater jf. besøksstrategi

Viktig å ha en post for å dekke behov for å skifte ut innhold på informasjonspunkt, og andre vedlikeholdskostnader knytt til nasjonalparkstyret sine informasjonspunkt kring verneområdet.

Besøksstellare – det er behov for vidareføring av besøksstelling i verneområdet i 2021. Besøksregistrering er aktuelt på Billingen/Tordalen, i Kløvstien og Asbjørnsdalen og ved Tunga. SNO Reinheimen skal montere tellarane, men tellarane skal bestilles av vernemyndigheita i ESS.

Post 21 - Drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer:

Behovsinnmeldingen gjel også driftsmidlar for nasjonalparkstyret og midlar til evt. planarbeid og større kartleggingar. I Reinheimen er det forvaltarane som har ansvaret for økonomioppfølging, og for å søke driftsmidlar gjennom ESS.

Drift nasjonalparkstyret:

Det vert budsjettert med minst 4 fysiske møte i nasjonalparkstyret for Reinheimen, der minimum eitt møte vert lagt opp med overnatting / synfaringar. I tillegg skal budsjettet dekke AU-møte som tidlegare etter behov, og eitt møte i rådgjevande utval, og møte i administrativt fagutval. Konferansar og evt. miljødirektoratet si nasjonaloparkkonferanse blir og lagt inn i budsjettet for 2022.

Brukerundersøkelse i Reinheimen. Kunnskapsgrunnlag om bruken av verneområdene og utvikling over tid. 10 år siden undersøking som var gjennomført i 2011. Veleder M-930|2018. kr. 350 000,- til gjennomføring og databehandling inkl. rapport.

Bestilling av SNO-ressursar 2022

Skjema for innspill om ønsket SNO-ressurs for 2022 er vedlagt, og blir sendt på e-post til miljødirektoratet innan 10.januar 2022.

Drift av sekretariatet:

Forvaltarane i Reinheimen er tilsett hjå Statsforvalteren i Innlandet, og midlar til drift av sekretariatet vert vurdert på enhetsnivå hjå Statsforvalteren i Innlandet.

Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025

Innledning

Regjeringen vil bevare et representativt utvalg av norsk natur for kommende generasjoner, og en god forvaltning av verneområder er viktig for å kunne nå dette målet. Regjeringen ferdigstilte i 2019 Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene, og ett av tiltakene i planen er å oppdatere strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder innen 2021. Ifølge tildelingsbrevet til Miljødirektoratet for 2019 skal "Styrket ivaretagelse av verneverdiene i verneområdene og oppfølging av handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene" prioriteres. Tiltaksmidlene fordeles på bakgrunn av dagens trusselbilde og har som formål å ivareta, samt forbedre tilstanden i verneområdene. Midlene prioriteres derfor til tiltak som virker avbøtende på negative påvirkningsfaktorer der verneverdiene er truet.

Klimaendringene kan forventes å gi økt stress for mange av artene og naturtypene i verneområdene og kan gi endringer i sammensetningen av arter. For å minimere de negative effektene av klimaendringer på verneverdiene, må andre negative påvirkninger begrenses mest mulig. Eksempler på dette er gjengroing, forstyrrelser og forurensning. I tillegg bør forvaltningen av verneområder nå ta ekstra hensyn til klimaeffekter i planlegging av tiltak. Skjøtselstiltak, som fjerning av fremmede arter, må for eksempel antas å øke i omfang som følge av klimaendringene, og planlegging av tilretteleggingstiltak som etablering av stier og broer, må ta høyde for økte nedbørsmengder med påfølgende flom- og rasfare.

Tiltaksposten – Statsbudsjettets kap./post 1420.31

Det overordnede målet for forvaltning av verneområder er å ivareta verneformålet og verneverdiene i det enkelte verneområde. Postbeskrivelsen for post 1420.31 Tiltak i verneområde, gir viktige formelle rammer for hvordan tiltaksmidlene skal disponeres. Størrelsen på tiltaksposten avsettes i hvert års statsbudsjett og har i de siste årene økt. I statsbudsjettet for 2019 (Prop.1S (2018-2019) står følgende:

"Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiene, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenge i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevarer for Noregs nasjonalparker og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparker og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtelsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument."

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.

For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere. Et eksempel på et slikt tiltak er når uttak av fremmede arter innenfor og utenfor vernegrensene må sees i sammenheng for at tiltaket skal få optimal effekt.

For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtelsplaner, overvåking og

utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.

Forutsetning for tildeling av midler


Tiltak skal være forankret i en skjøtts- eller forvaltningsplan, en besøksstrategi for området eller andre relevante styringsdokumenter.

I forkant av innmeldingen må formaliteter rundt tiltaket være avklart, som planavklaringer og innhenting av nødvendige tillatelser for gjennomføring av tiltaket. I tillegg må eierforhold og tilsyns-/drift- og vedlikeholdsavtaler være avklart.

I Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene er det presisert at "For større installasjoner som fugletårn mv. er det krav om en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket. Videre må eierforholdet og vedlikeholdsansvaret avklares på forhånd."

Prioriteringer ved bruk av midler til tiltak i verneområder

Klima – og miljødepartementet har bedt om en styrket ivaretagelse av verneverdiene i verneområdene. Bedring av tilstanden i verneområder, slik at antall truede verneområder reduseres, vil derfor ha fokus. De største negative påvirkningsfaktorene er gjengroing, fremmede arter, forstyrrelse av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon, figur 1.



Figur 1. Trusselfaktorer i verneområder pr 31.12.2017

Ved fordeling av midler til skjøtsel og besøksforvaltning, skal tiltakene som gir størst positiv effekt på tilstanden og som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer prioriteres.

Etablerte skjøtselstiltak i naturtyper som krever kontinuerlig skjøtsel for å opprettholde god tilstand (løpende

skjøtsel), skal prioriteres høyere enn nye, større prosjekter. Det finnes likevel tilfeller der strakstiltak bør prioriteres. Dette gjelder f.eks. der det oppdages nye forekomster av fremmede arter med stort spredningspotensiale og der trua arter eller naturtyper står i fare for å gå tapt. Et annet eksempel kan være sikkerhetstiltak knyttet til besøksforvaltningen.

I verneområder der verneformålet trues av manglende skjøtselstiltak, og der det er behov for oppstart av tiltak umiddelbart, vil slike tiltak prioriteres foran besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet. Tiltak for å styrke besøksforvaltningen kan eventuelt gå parallelt med nødvendige skjøtselstiltak.

Et delmål med budsjettposten er å tilrettelegge for de besøkende med informasjon i tråd med merkevaren Norges nasjonalparker. I enkelte verneområder er det ikke ønskelig med økt ferdsel av hensyn til verneverdiene. I slike områder er likevel god, oppdatert informasjon i tråd med merkevaren viktig.

Målet med forvaltningen av verneområdene er å redusere truslene mot verneverdiene og å ønske folk velkommen inn for gode naturopplevelser.

Strategien vår for å nå dette målet, vil være å prioritere tiltak som innretter seg mot en bedret tilstand i verneområdene. Dette vil være tiltak som innrettes mot trusselfaktorene for de aktuelle områdene, og slike tiltak kan være både skjøtselstiltak og tilretteleggingstiltak. For å sikre en god opplevelse for besøkende, vil vi følge opp tiltak som er fremmet i besøksstrategier, og inkludert er bruk av merkevaren Norges nasjonalparker.

Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyest blant disse tiltakene
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Finansiering av større tilretteleggingstiltak

Midler til opprettelse av installasjoner som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplasser i tilknytning til verneområder, må være forankret i en godkjent besøksstrategi for å kunne bli prioritert. Tiltaksmidler kan brukes til (primært å delfinansiere) gjennomføring av denne typen tilrettelegging, og søknader til slike anlegg skal være godt begrunnet med bl.a. informasjon om besøkstall og eksisterende bruk av området.

Tilrettelegging etter universell utforming i verneområder

Universell utforming av stier innebærer krav til dekke, terrengutforming og bredde som vanskeliggjør denne typen tiltak i verneområder. I verneforskriftene er det et generelt forbud mot tyngre tekniske inngrep, og de har som den klare hovedregel ikke dispensasjonsbestemmelser som hjemler universell tilrettelegging i verneområdet. Den generelle dispensasjonsbestemmelsen i nml. § 48 første ledd, første alternativ, vil sjelden kunne anvendes da universell utforming medfører terrenginngrep som strider mot verneformålet og påvirker verneverdiene. Hvorvidt et omsøkt tiltak er i konflikt med forskriften må vurderes i det enkelte tilfellet.

Utenfor verneområdet, i tilknytning til innfallsporter eller startpunkt, kan det i enkelte tilfeller være aktuelt å etablere tilretteleggingstiltak med universell utforming. Også utenfor verneområder bør forvaltningsmyndighet være bevisst på inngrep som påføres terrenget og gjøre en vurdering av om behovet står i forhold til kostnader og inngrep.

På denne bakgrunnen vil det være høy terskel for tildeling av midler utover det som kan defineres som "enkel tilrettelegging" i verneområder.

Kulturminner i verneområder

Kulturminner er en del av verneformålet i de aller fleste nasjonalparker og i enkelte andre verneområder. Ansvar for oppfølging og ivaretagelse av kulturminner ligger hos kulturminnemyndighetene. Det er egne poster på statsbudsjettet for forvaltning av kulturminner, og tiltaksmidler prioriteres vanligvis ikke til dette formålet. Skjøtsel av enkelte kulturminner, slik som steingjerder, gravrøyser og fangstsystemer, kan likevel vurderes prioritert for samfinansiering med kulturminnemyndigheten. Eksempler på tiltak som *ikke* finansieres av tiltaksmidler eller driftsmidler er vedlikehold av bygninger i verneområder. Ansvar for finansiering av vedlikehold og drift av bygninger ligger hos eier.



Arkivsaksnummer: 2021/893-13

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 24.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	63/2021	03.12.2021

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møteplan 1.halvår 2022

Innstilling frå forvaltar

Møtedato for 1.halvår 2022:

1. 25.februar – Teams
2. 27.-28.april – Nasjonalparkkonferanse i Trondheim?, inkl. styremøte?
3. 20.mai – Teams
4. 7.-9. juni – *Synfaring i Kløvstien og overnatting Valldal med påfølgjande styremøte og evt. deltaking på årskonferansen for Norges nasjonalparkkommunar*

Sommarferie

Møtedatoar for 2. halvår 2022, vert lagt fram på styremøte før sommarferien.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen, revidert mars 2020:

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Vedtekter-nasjonalparkstyret-for-Reinheimen_01.03.20.pdf

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har i 2021, gjennomført 5 styremøte, der av 3 digitale Teams-møter, og 2 fysiske møter. 1 møte var med overnatting i samband synfaring i Finndalen og foredrag på Norsk fjellsenter i Lom. AU-Reinheimen hadde ingen møte i 2021. Det var ikkje gjennomført møte med rådgjevande utval i 2021. Forvaltarane gjennomførte møte med Administrativt kontaktutval på Lesja bygdetun 17.11.2021

1/21 – 15.01.21, Teams

2/21 – 12.03.21, Teams

3/21 – 02.07.21, Teams

4/21 – 23.-24.09.21, Synfaring i Finndalen, foredrag og styremøte på Norsk fjellsenter i Lom

5/21 – 03.12.21, styremøte på Norsk tindesenter i Åndalsnes

Heimelsgrunnlag

Delegering

I vedtektene til nasjonalparkstyret står følgjande om møter:

7. OM MØTENE I NASJONALPARKSTYRET

Kommunelova kap. 6 om sakshandsaming i folkevalde organ skal brukast så langt dei passer, med dei tilpassingar som er fastsett i denne vedtekta. Kommunelova § 40 gjeld tilsvarande.

Styret bør tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer. Leiaren pliktar å kalle inn dersom minst ein tredel av medlemmene ønskjer det.

Varsel om innkalling til møte i nasjonalparkstyret skal skje med 2 vekers varsel. Endeleg innkalling med saksdokumenta skal sendast 1 veke før møtet. Styret avgjer sjølv om det vil ta opp eventuelle saker som vert ettersendt seinare enn dette.

Det skal først protokoll frå møta. Styreleiar og eit medlem som vert vald ved møtestart, skriv under protokollen. Eventuelle protokolltilførsler må setjast fram i møtet.

Forvaltar si tilråding til vedtak skal gå fram av møteprotokollen.

I dei tilfella der styret sitt vedtak har eit anna utfall enn forvaltar si tilråding til vedtak, må styret si grunngjeving for val av anna utfall kome fram i vedtaket.

For at forvaltningsstyret skal vere vedtaksført må minimum halvparten av medlemmene vere til stade. Vedtak vert fatta ved alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelrøyst.

9. RÅDGJEVANDE UTVAL

Styret skal oppnemne eit rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i området, som m.a. grunneigarar, offentlege organ som det angår særleg som til dømes friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Nasjonalparkstyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.

10. ADMINISTRATIVT KONTAKTUTVAL

For å sikre at forvaltinga av verneområda blir godt integrert i den kommunale forvaltinga, bør styret oppnemne eit administrativt kontaktutval med representantar frå administrativt nivå i dei ulike kommunane.»

Vurdering

I samsvar med styrevedtektene foreslår nasjonalparkforvaltaren at det vert lagt opp til minimum 2 fysiske styremøte med overnatting i 2022, kombinert med eventuelle synfaringar, møte med rådgjevande utval eller andre relevante aktørar/tiltak og prosjekt. I tillegg skal det leggjast opp til å kalle inn til digitale styremøte.

Det skal også vera rom for å nytte AU-Reinheimen, til å behandle saker som hastar, når nasjonalparkforvaltarane ikkje har vedtaksmynde, eller det av prinsipielle grunnar er nødvendig med politisk behandling. Dette er ein fleksibel løysning for å handtere saker som hastar, krev politik behandling, og når det av praktiske grunnar ikkje er tid til å kalle inn heile styret.

Som tidlegare er det lagt opp til å halde dei fysiske møta i dei ulike kommunane med areal i verneområdet. I 2021 vart styremøta etter kvart lagt til fredagar for å unngå møtekollisjon o.l. Det ser ut til at dette i prinsippet kan vidareførast for 2022.

Forvaltarane hadde møte med styreleiar, og har følgjande forslag til møteplan for 1.halvår 2022:

25.februar – Teams

27.-28.april – Nasjonalparkkonferanse i Trondheim?, inkl. styremøte?

20.mai – Teams

7.-9. juni – Synfaring i Kløvstien og overnatting Valldal med påfølgjande styremøte og evt. deltaking på årskonferansen for Norges nasjonalparkkommunar

ST 64/2021 Orienteringar